# DEN NORSKE KIRKE
# Orkdal kirkelige fellesråd

# Den norske kirke – et tydelig skille

Orkdal kyrkjelge fellesråd gjev føljande fråsegn:

## Hovudpunkta i høyringsframlegget

Orkdal kyrkjelege fellesråd ser framlegga samla sett som eit naturleg steg vidare frå kyrkjeforliket i 2008 i retning av å gjere Den norske kyrkja meir sjølvstendig fra staten og meir likestilt med andre trudoms- og livssynssamfunn. Fellesrådet gjev difor støtte til hovudtanken med framlegga, men har nokre merknader til dei einskilde framlegga til endringar i kyrkjelova.

## Den norske kyrkja som eige rettssubjekt

Fellesrådet vil støtte framlegget om å gjere Den norske kyrkja sentralt til eit eige rettssubjekt. Men det kan skape forvirring om ein brukar same namn på dette rettssubjektet som på kyrkja som heilskap, som både omfattar alle dei einskilde sokn og regionale og sentrale institusjonar og organ. Det er i alle høve viktig at føresegnene i lova, til dømes § 2, vert utforma slik at det ikkje gjev rom for mistydingar med omsyn til dette.

## Arbeidsgjevaransvaret

Fellesrådet er samd i at staten ikkje lenger skal ha arbeidsgjevaransvaret for nokon av dei tilsette i kyrkja. Det er kjent at det i kyrkja har vore og er diskusjon om på kva nivå i kyrkja arbeidsgjevaransvaret for dei einskilde stillingane skal plasserast. Fellesrådet meiner at når kyrkja vert eit sjølvstendig rettssubjekt med ei fri stilling frå staten, bør det og vere opp til vedtaksorgana i kyrkja å avgjere slike spørsmål. I tidlegare fråsegner óg har fellesrådet sagt at det er ønskjeleg med ei arbeidsgjevarlinje, ikkje to slik det er i dag. Fellesrådet meiner det er viktig å ta vare på denne føresetnaden i utforminga av nye føresegner i kyrkjelova. Fellesrådet ser det som viktig at dei som arbeider i lokalkyrkja har same arbeidsgjevar.

## Delegasjon og organisering

I framlegget til nytt siste ledd i § 24 i kyrkjelova har Kyrkjemøtet fått høve til delegasjon, men ikkje lenger ned enn til prosten. Fellesrådet er redd for at dette kan legge band på kyrkja sitt høve til sjølv å finne fram til hensiktsmessige løysingar for organisering og plassering av arbeidsgjevaransvar innafor kyrkja.

Fellesrådet har merka seg at trass i at Den norske kyrkja skal gjerast til eit eige rettssubjekt med sjølvstendige rettar og pliktar i dei fleste høve, har ikkje Kyrkjemøtet fått nokon generell kompetanse/mynde til å gje overordna føresegner for kyrkja. I så måte skil framlegget seg på eit viktig punkt frå ordningane i Sverige og Finland, der Kyrkjemøtet kan fastsette generelle reglar i ei kyrkjeordning, så langt særskilte føresegner i kyrkjelova ikkje er til hinder for det. Fellesrådet meiner at ein bør vurdere ei liknande løysing i Norge

## Økonomi

Fellesrådet er glad for at det i § 22 er lagt opp til ei forplikting for staten til å gje tilskot til kyrkja. I grunngjevinga kjem det fram at tanken er at dette tilskotet skal dekke dei utgiftene som følgjer med flyttinga av arbeidsgjevaransvaret fra staten til kyrkja.

Fellesrådet vil understreke at det er viktig at tilskota vert tilstrekkelege til å dekke dei verkelege utgiftene som kyrkja har, ikkje bere til løn, men og administrative og andre utgifter som følgjer med den nye ordninga. Slik den nye bestemmelsen er utforma, legg den enno mindre føringar for storleiken på tilskota enn det § 15 gjer for dei kommunale tilskota. Det vil derfor vere avgjerande at Stortinget legg vekt på dei føresetnadene som framlegget byggjer på når dei årlege tilskota skal fastsettast.

## Den norske kirkes klagenemnd

Fellesrådet har ingen merknader til at føresegnene om Lærenemnda i § 27 i kyrkjelova vert oppheva. Det er naturleg at dei kyrkjelege organa sjølv får høve til å fastsette korleis læresaker skal handsamast.

Departementet har erstatta noverande § 27 med ei føresegn om Den norske klagenemnd. Fellesrådet ser at det er hensyn som talar for å ha ei slik nemnd. Vi stiller likevel spørsmål om det er naudsynt med eit eige tungt klageorgan. Dei generelle reglane i arbeidsmiljølova vil i stor grad kunne ta vare på retten til overprøving i saker i arbeidstilhøve. Elles bør ein vurdere om ikkje dei ordinære organa kan handsame klager, sjølv om vi ser at det kan vere naudsynt med nokre særreglar for å ta vare på einskilde organ og stillingar si sjølvstende.

Vedtatt i Sak 28/14 i møte 28.nov 2014